

KAPITTEL 5

Bedehus og ungdomshus – motpolar i bygdesamfunnet

Atle Døssland

Professor emeritus, Historisk institutt, Høgskulen i Volda

Abstract: The article deals with ideological tensions in rural communities in Western Norway. These tensions developed in earnest at the end of the 19th century and resulted in a distinct polarisation within local communities, with the Christian layman's movement and the liberal youth groups as the two extremes. Tensions of this sort have received far too little attention in both general and church history. Using examples from local communities, and in particular from Kvinnherad municipality in Sunnhordland, the author attempts to illustrate how these tensions first arose and the ways in which they developed and changed over time, up until around 1940. The main focus here is on causes and consequences. Initially these frictions had their roots in clearly opposed ideologies. Ideology, especially on the youth groups' side, faded gradually, but group activities continued with other purposes in mind. On the Christian side, internal divisions and rivalry, and demands for activities that brought in money, meant that their opposite pole became less important. The discord remained, however, clearly symbolised in the shape of the prayer house and the youth union hall.

Keywords: ideology, polarisation, Christian, liberal, rural communities

Innleiing

Siste vetter var det so komet eit nytt lag. «Ungdomslaget» kalladst det, endaa det var raad til aa vera med baade fyr gamle og unge – justsom i dei andre. Det vart snart lyst i band av dei andre lagi [misjonslaga og fråhaldslaget], av di det førte ungdomen upp i «fritenkjarskap» og gjorde han til «belials [den vondes] born» med all den verdslege vismun [synsmåtar], unæmingane [nybegynnarane] der

Sitering: Døssland, A. (2022). Bedehus og ungdomshus – motpolar i bygdesamfunnet. I A. Aschim, B. Afset, H. Elstad & B. Løvlie (Red.), *Tru, språk, historie. Heidersskrift til Per Halse* (Kap. 5, s. 119–142). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.165.ch5>
Lisens: CC BY-NC-ND 4.0

fekk tak i paa møti elder i alle dei ukristelege bøkene, som lagslemerne anten sjølve fekk lesa elder høyra lesne, naar det vart fyredrag. [...] Den røra, ungdomslaget kveikte, kløyvde snart kyrkjebygdarane i tvo lutar, som stod kvassare imot einannan en «dei vakte» og «verdsborni» fyrr hadde gjort. (Tvedt, 1895, s. 135, 137)

Sitata ovanfor er henta frå Jens Tvedt (1857–1935) sin roman «Straumgir», som kom ut i 1895. Dei er små smakebitar frå samtidsforteljingar som glimtvis karakteriserer ei viktig samfunnsutvikling. Desse trekka er typiske for fleire bygdesamfunn, især på Vestlandet. Frå det som litt forenkla er blitt framstilt som einskapskultur, oppstod det ei klar kulturell kløyving og polarisering. Kløyvinga vart langt frå ein kortvarig episode, men varte ved til langt over midten av 1900-talet. Det var likevel ikkje ei kløyving som arta seg likt heile perioden igjennom. Spenninga mellom dei to partane, dei såkalla «kristelege» og «dei frilynte», innebar endra strategiar, men ikkje alt som skjedde dei to partane imellom var direkte følgjer av ein vedvarande kamp om ideologisk hegemoni.¹ Det er dette denne artikkelen handlar om. Fokuset vil vere skissering og årsaksvurderingar av viktige endringar både på kristeleg og frilynt side fram til andre verdskrigen.

Framstillinga vil elles kvile tungt på ein nærstudie av Kvinnherad kommune i Sunnhordland, som også var heimkommunen til Jens Tvedt. Særleg når det gjeld vidareutviklinga av den frilynte ungdomsrørsla, vil dei konkrete døma i langt større grad vere henta frå område lenger nord på Vestlandet. I det heile bygger framstillinga i hovudsak på kjelder på lokalsamfunnsnivå.

Forfattarblikk på ideologiske spenningar

Det er langt frå tilfeldig at eg innleiingsvis her brukar formuleringar frå Jens Tvedts forfatterskap som innfallspor til framstillinga. Meir enn kanskje nokon annan forfattar i denne perioden kom Jens Tvedt bygdesamfunnet tett inn på livet i romanane sine. «Ikkje eingong Aasen, Vinje eller

1 Om begrepet «kristeleg» kontra vanlege kyrkjekristne: Sjø Aagedal, 2019.

Bjørnson har bora seg så djupt ned i bondelivet og bondelynnet som Tvedt då han steig fram for alvor [...] ingen stad finn ein tryggare fotfeste i det gamle bygdelivet enn der», skriv litteraturvitaren Rolv Thesen (1896–1966) (1953, s. 152). Ein yngre litteraturforskar, Bjarte Birkeland (1920–2000), tek endå sterkare i: «Det spørst om nokon diktar har gjevi eit sannare bilete av norsk bygdeliv enn Jens Tvedt» (1952). Ved eit seinare høve skriv Birkeland at Tvedt «ville syne fram folket slik det var – og han kjende det» (1975, s. 479). Den svenske litteraturgranskaren Peter Hallberg (1916–1995) kallar Tvedts dikting for «bondenaturalism» (1968).



Bilete 1. Jens Tvedt (1857–1935) er blitt rekna som ein forfattar som i romanar og noveller kom bygdesamfunnet uvanleg tett inn på livet. (Foto: mediacommon)

Kjeldeverdien i framstillingane til Tvedt vert også styrkt ved at desse langt på veg kan reknast som samtidsskildringar. Endå lokalsamfunnet i bøkene hans har fått oppdikta namn, er det ikkje tvil om at motiva og miljøglimta var henta frå heimbygda Omvikdalen i Kvinnherad kommune. Jens Tvedt sine skildringar i ulike romanar spenner over eit

tidsrom frå den tida dei kristelege laga, saman med fråhaldslaga, var einerådande som ideologiske folkerørsler i bygda, og til dei fekk konkurranse av den frilynte ungdomsrørsla. Dette er mest tematisert i den første delen av Tvedts forfattarskap.

I dei tidlegaste bøkene sine frå 1880-åra gjev Jens Tvedt eit relativt forsonleg bilete av det han då kallar «bønefolket». Dei har sterk normerande makt og legg ein dempar på dei meir festglade sidene ved bygdelivet, men dei er positive til mange nyvinningar, engasjerer seg i lokalpolitikken og går jamvel inn for allmenn røysterett (Tvedt, 1885, s. 76–77).

Det hadde på denne tida skjedd vesentlege endringar innan den kristenflokken Tvedt skildrar. Såkalla «vakte» folk hadde det vore i dalen like sidan Hans Nielsen Hauges dagar. Men dei for helst stilt. «Einkvar sundagen, når det ikkje var preika med kyrkja, heldt dei 'samling' paa ein av gardarne». Desse møta varte i ein time eller to, so «skildest dei og gjekk kvar til sitt, lika stillt, som dei var komne» (Tvedt, 1888, s. 38–39). I boka *Haavard Brittanus* (1908, s. 167–174) har Jens Tvedt ei livfull skildring av eit slikt stovemøte.

Men så skapte nye og andre typar vekkingar eit meir utettervend og synleg «bønefolk»: «I frå fyrst av hadde vekkingi teke til med avdøming av alt verdslegt, tykkjesløysa fyr arbeide og vanvyrning av alt som høyrer dette livet til. Men smått om senn ljosna det: Folk vende synet utetter. Dei heldt seg ikkje berre til 'gudeleg' lesnad, men tok etter kvart bøker med ymse innhald. Menner med livande kristentru i hjarta, men med friare og vidare syn enn vanleg, dei kom og hjelpte til. Paa nokre faa aar var det gjort stort rudningsarbeid i bygdi.» I tillegg viser bønefolket også eit sosialt ansvar i høve til nokre av dei mindre ressurssterke samfunnsmedlemene (Tvedt, 1885, s. 75; 1889/1956, s. 108).

Etter kvart som den frilynte rørsla dukkar opp som konkurrent, og polariseringa i lokalsamfunnet vert synleg, vel likevel Tvedt side og vert dermed langt meir kritisk til det kristne lekfolket. Også litteraturforskararen Bjarte Birkeland plasserte i ettertid Jens Tvedt på folkehøgskulen og den frilynte ungdomsrørsla si side (Birkeland, 1975, s. 485). I boka «Hamskifte» (1897) tek Jens Tvedt heilt klart standpunkt for dei frilynte og fell lettare for freistinga til å parodierte bedehusflokkene og møteaktiviteten deira, og han kunne ta sterkt i.

Men i bedehuset med den romerske krossen på mønet og nakne veggjenne inne – der gjekk dei tunge salmarne og dundrad strenge preikarar imot synd og gudløysa og samlad deim, som anten ikkje fekk elder ikkje vilde vere med på livsens ljose sida. Og naar verdens-borni kom or sine ungdomslagsmøte, rein [reiv] det som naaluft [liklukt] i nosi, med same bedehusdørene vart uppletne og den kjøvande sniken [stanken] av skiten sveite og ill ande slapp ut med mugen. Eigarmennene aat bøygde hovud og grugne andlit grov seg tunge og sukkande paa heimveg, etter at det var bytt dømande elder stakkrande augnekast med motstraumen. Men liv og skifte var det i det. Sterke, veksande viljar midt i naaluft og stovesnik. Kvar hadde sitt paa det turre; dei visste veggen og øygnad maali. For dei naglefor ikkje kvar saumen so væl, at dei vart vis med dei hol, det kunde vera. (Tvedt, 1897, s. 28)

Andre vitnemål om spenningane i Kvinnherad

Vi har høve til å kontrollere fleire av utviklingstrekkene Jens Tvedt skisser gjennom fargerike karakteristikkar. Forfattarskapet hans er langt frå einaste kjelda som kan fortelje om ideologiske spenningar i Kvinnherad frå slutten av 1800-talet.

Frå Omvikdalen fortel såleis nokre nedteikna forteljingar om den tidlege vekkingstida: «Hans Toska heldt møte i Perastova. Der var mykje folk. Ei seng var full med ungar. (...) Det var mykje folk i kjellaren, særleg ungdom, og golvet var so gise at dei hørde godt der. Dei lika seg like godt der som oppe hjå talaren». Frå Sunde, lenger ute i kommunen vert det også fortalt om slike stovemøte: «... og vart stova for lita, då hende det at dei tok opp nokre bord i 'lemsgolvet', for det var mange som hadde lause bord i 'telet' den tida. Så kunne ein høyre like godt på lemen som nede i stova».² Uansett spelte plasseringa i stova ei rolle for dei dei fleste. Forresten er også Jens Tvedts inne på noko liknande. I boka «Haavard Britannius» søker hovudpersonen eit stovemøte. Han «fylgde straumen og kom seg innfyrdøri. Der vart han standande og skoda etter eit høvelegt

2 Nedskrive av Ragnvald Guddal etter Kristina Guddal. Emissæren er truleg Johs. Hansen frå Toska, som reiste for indremisjonen i perioden 1884–1900. Sjå også A. Døssland, 1975, s. 21, 125.

sæte. Han ville ikkje innar imillom dei 'utvalde', men helst ikkje attanum alle ryggjerne helder» (Tvedt, 1908, s. 167).

I eit hendingsfattig lokalsamfunn var det ikkje så vanskeleg å samle folk, dersom det kom kjende talarar eller predikantar til bygda, nesten uansett kva ideologi dei representerte. Sjølv i den tida då ein mangla bedehus med galleri, kunne, slik vi har høyrte, også dei som ville, vere diskre til stades, utan direkte å mende seg med «dei vakte». Olaf Aagedal har poengtert at eit galleri i bedehuset kunne vere ein slags møtepunkt mellom bedehusfellesskapet og det generelle bygdefellesskapet. Ein kunne søke dit utan dermed å vere rekna som religiøst vakt. Hit kom særleg ungdommen mykje godt for underhaldninga sin del. Men dette innebar også at galleriet kunne gje eit rekrutteringspotensial, ei slags misjonsmark, for dei bedehuskristne (Aagedal, 1986, s. 201–204).

Endå det var eit skilje mellom dei som var vakte og ikkje, så innebar ikkje dette så langt noka eigentleg splitting i lokalsamfunnet. Dei kristlege brydde seg difor ikkje eingong alltid med å organisere verksemda si på formelt vis. Dei let det heile gå sin vante gang, langt på veg etter gammal haugiansk tradisjon, med sjølvskrivne leiarar (A. Døssland, 1977, s. 8).

Etter at dei frilynte laga kom inn i biletet, vart situasjonen annleis. Det kristne lekfolket opplevde at møteforma til ungdomslaget var mest attraktiv for ungdommen. Samstundes skulda dei på samfunnsutviklinga. Misjonsforeininga i Uskedalen har i 1890-åra stadig merknader om farane ved «den moderne tids aand», og at «de unges aandelige føde» er «skikket til at vrake det kristelige liv». Omkring hundreårsskiftet vert det likevel sagt rett ut at «det frisindede ungdomsarbeid synes virke hindrende». I eit tilbakeblikk i møteprotokollen til Omvikdalen indremisjonslag heiter det likeins: «I 80-aari var det sterke nationale brytingar, og den frisinna ungdomsrørsla kom og la ein dempar på missionsarbeidet» (A. Døssland, 1975, s. 171–172; Vaage, 1972, s. 417–423).

Lagshistorikkar og bygdebokverket gjev likeins glimt av mangt som også Jens Tvedt er inne på. Det er såleis rett at dei første frilynte ungdomslaga i Kvinnherad kom alt i 1880-åra, men det hadde tidlegare eksistert såkalla «samtalelag» i alle høve i Omvikdalen. I begynnelsen var det helst foredrag og ordskifte om aktuelle tema på møta i ungdomslaga.

Nokre av laga kjøpte også inn bøker og aviser som vart lesne og drøfta. I starten var det berre mannlege medlemmer, men sidan kom også kvinner med. Møteprogramma endra seg ein del, fram til hundreårsskiftet. Det vart fleire festlege samkommer med underhaldning, og det vart vanleg å avslutte med folkeviseleik. Seinare kom også dansen inn til ein viss grad, men reine dansefestar var sjeldne i heile perioden fram til andre verds-krigen. Laga fekk seg gjerne handskriven lagsavis, dei framførde skode-
spel og sketsjar, og dei tok opp arbeid med skogplanting, idrett, song og musikk. Vidare fekk dei i stand større ungdomsstemne og ymse utflukter. Mest alle laga fekk seg eige hus før andre verds-krigen (Eik, 1988; Vaage, 1972, s. 419).

Det finst også fleire døme på dei sterke ideologiske spenningane. Likevel var ikkje skilnaden i starten uoverstigeleg i eitt og alt. Også dei frilynte kunne ha salmesong og bøn på møta, og dei nytta av og til kjende lekpreikarar som talarar, til dømes lekmannshovdingen Andreas Lavik, som ein periode av livet sitt, 1896–1899, budde i Omvikdalen. Prestane vart også ofte nytta som talarar. I 1891 gjekk jamvel dei frilynte og indremisjonsfolket i Omvikdalen saman om å bygge møtehus. Ølve ungdomslag, som vart skipa i tidleg i 1890-åra, hadde dei første åra ei frilynt og ei «pietistisk» retning. Seinare skilde dei rett nok lag. Likeins oppstod det strid om det felles lagshuset i Omvikdalen, og dei frilynte vart pressa ut. Dei måtte då nøye seg med å ha møta sine i det nye skulehuset. Laget hadde sjølv vore med og pressa fram at huset fekk ein kjellarsal, som mellom annan kunne brukast til matsal ved ymse tilstellingar. I starten av 1930-åra vart laget like fullt også nekta å ha møta sine der. I denne fasen var det mest spørsmål om folkeviseleik og dans som verka splittande. Kor hardt retningane stod mot einannan, kom klart fram då ein av dei lei-
ande i indremisjonen vart nekta talerett i sitt eige lag i lang tid fordi han hadde vore til stades på eit ungdomslagsmøte. Dei frilynte møtte jamt over større vanskar når dei trong skulen eller andre møtelokale, enn det andre lag gjorde, for skulestyret var dominert av indremisjonsfolk.³ Dette må ha vore ei viktig årsak til at eigne ungdomshus i dei fleste tilfella vart

3 Fram til 1916 dominerte dei også i kommunestyret. A. Døssland, 1975, s. 175–188.

reist tidlegare enn bedehusa. I Omvikdalen kom det likevel ikkje før i 1938.⁴



Bilete 2 og 3. I Uskedalen vart både bedehuset (t.v.) og nytt ungdomshus (t. h.) bygd i 1930-åra med tett mellomrom. Begge husa var svært romslege og stod nokså nær ein annan i sentrumsområdet. (Foto: Atle Døssland, august 2021)

I ein oppheta debatt i lokalavisa «Sunnhordland» i 1931 stod indremisjonspresten Lars Skadberg i fronten på indremisjonssida. Ved sida av dansen var også kristensynet til dei frilynte eit ankepunkt, især når det galdt synet på omvendning og frelse. Dei frilynte hadde vanskeleg for å godta vekkingskristendommen, og såg såleis rørsla si som ei motvekt mot «trongsynt pietisme». Dette møtte lita forståing frå den andre sida: «Sanneleg skal dei sjølvrettferdig frilynte få noko å svare for på domedag: Arme sjeler!», var sluttsalven til Skadberg.⁵

Vanskeleg å stå på nøytral grunn

At indremisjon og frilynte vart ideologiske motpolar, etter kvart synleggjort ved bedehus og ungdomshus, fekk sitt å seie også for anna lagsliv i bygda. Fleire andre organisasjonar, som etter kvart dukka opp, kunne bli trekte inn i spenningsfeltet mellom desse ideologiske ytterpunkt. I seg sjølv utgjorde dei kristeleg organisasjonane i aukande grad ei heil klynge av separate lag, stort sett med indre kristeleg oppbygging som hovudsak, eller med misjonerande formål i høve til sambygdingar eller til menneske ute på misjonsmarka i framande land. Desse laga hadde ofte overlappingar i medlemsmassen.

4 Etter fleire munnlege kjelder. Sjå A. Døssland, 1975, s. 172–173; Myklebust, 1963, s. 11; Ripel et al., 1913; Eik, 1988.

5 Debatten starta etter Skadbergs melding av Ragnvald Vaages roman: «Porsvikfola».

Nærast dei kristelege laga synest fråhaldslaga knytte til DNT (Det Norske Totalavholdsselskap) å ha stått. Rosendal totalavholdsselskap vart såleis skipa som følgje av at indremisjonsemissæren Andreas Lavik, etter oppmoding, hadde halde «et totalavholdsforedrag i Malmanger skolehus» kring 1885. Laget i Uskedalen vart nokre år seinare skipa på liknande måte. I denne grenda vart møta i fråhaldslaget den første tida haldne i tilknytning til oppbyggingsmøte i skulehuset. Møteforma låg også nær opp til dei oppbyggelege møta. Det heiter som oftast at «møtet begynte og endte med song, Guds ord og bøn». Talarane tok gjerne utgangspunkt i bibelord. I Uskedalen hadde til dømes «avhaldsagent» Baard Koltveit halde foredrag om syndefallet, men til neste kveld hadde han bestemt at han ville halde ungdomsforedrag, og då ville han tale om dei to siste bøkene til Jonas Lie. Dette førte til frammøte av mange som elles ikkje brukte å komme.⁶ Like fullt vart ikkje innhaldet i vanlege møte endra etter denne suksessen. Lærer og indremisjonshovding Jørgen Thunold inkluderte i 1919 «avholdsmøter» som del av «kristelige gjøremaal» som burde finne stad i det planlagde bedehuset i dalen.⁷ DNT-laga hadde rett nok høgt medlemstal, men oftast låg møtefrekvens (A. Døssland, 1975, s. 168–170). Også Jens Tvedt er inne på koplinga mellom kristelegheit og fråhald: «Og det hadde voret eit avhaldslag, der ein skreiv seg ifraa brennevin». I ei bryllaupsskildring skriv han: «av bønefolket var det mange som hadde skrive seg ifrå brennevinet, og det laut vere ein grand vin-sutl åt dei» (Tvedt, 1888, s. 71). Men laget hadde seinare blitt eit totalavhaldslag «som fekk so stor magt, at alt, som kristelegt vilde heita, laut koma derifrå» (Tvedt, 1895, s. 135).

Nærast dei frilynte, og ofte som direkte avleggarar, kan ein finne ikkje-ideologiske organisasjonar som idrettslag, songlag og i noko større avstand: fråhaldslosjane (IOGT).⁸ Dei første losjane i Kvinnherad kom i gang kring 1900 og dei næraste par tiåra etterpå (Vaage 1972, s. 417–423). I alle høve i denne kommunen hadde fråhaldslosjane tettast band til den frilynte sida. I Uskedalen kom losjen jamvel i gang som resultat av eit

6 Møteprotokollen til Uskedal totalavholdsförening 1902. A. Døssland 1975, s. 168–169.

7 Følgjeskriv til innsamlingsliste for bedehuset i Uskedalen, begynt i 1919.

8 Forkortinga står for «International Organisation of Good Templars» Sjå også A. Døssland, 1975, s. 174–175.

ordskiftemøte i ungdomslaget. Dei fleste medlemene i losjane på den tida var yngre enn dei som stod i fråhaldslaga. I Uskedalen vitnar ei oppteljing av skrivne medlemmer i periode 1913 til 1930 likevel om at eit lite innslag, ca. 15 prosent, høyrde til på bedehus-sida. Møteforma var, i motsetning til DNT-fråhaldslaga, nokså lik den ein finn hos dei frilynte ungdomslaga. Likevel hadde verken folkeviseleik eller dans ein plass her. Dei nøydde seg med «stillesitjande moro». Losjane hadde til vanleg tettare møtefrekvens og meir omfattande program enn fråhaldslaga. Oftast hadde dei samarbeid med dei frilynte ungdomslaga når det galdt møtelokale, men det hende seg også at dei delte lokale med indremisjonen. Leiv Døssland fortel på humoristisk vis om eit mislukka forsøk losjen i Husnes tidleg i 1930-åra, med særleg tilpassa programinnslag, gjorde for å rekruttere folk frå bedehusmiljøet. Den inviterte bedehusleiaren heldt ved møteslutt likevel fast på at trua på Jesus var det einaste viktige, og dette gjorde arbeid i losjen unødvendig. Verksemda i dei tradisjonelle fråhaldslaga kom ofte til å li under dei mest aktive periodane i losjane. I Uskedalen vart det klagt over at arbeidet i fråhaldslaget hadde lege heilt nede i ein lengre periode etter at losjen starta (A. Døssland, 1975, s. 174–175; L. Døssland, 1992).

Det eldste idrettslaget i Kvinnherad, Rosendal turnlag, kom i gang i 1901. Ved sida av idretten dreiv turnlaget også med tiltak som låg nært opp til ungdomslaga sitt arbeid. Såleis synte også turnlaget fram skodespel og hadde kurs i folkeviseleik. Uskedalen idrettslag var rett nok starta som eit sjølvstendig lag, men gjekk seinare inn som underavdeling av ungdomslaget. Likeins hadde også Omvikdalen ungdomslag ein periode ei idrettsgruppe i gang.⁹

Det kristne lekfolket var lite representert i idrettslag. Dette gjeld også i song- og musikkklaga. Slike lag kom i gang frå 1880-åra, med Rosendal (Skålabygda) som eit særleg aktivt senter. Songkora var rett nok ofte nytta både i kyrkja og ved større misjonstilstellingar, og dei kunne ha religiøse songar, salmar og koralar som viktig del av repertoaret. Likevel ser det ut til at lekfolket heller etter kvart valde å starte sine egne små song- og musikkgrupper som kunne vere med på vanlege møte i bedehus eller

9 A. Døssland, 1975, s. 176; Vaage, 1972, s. 417–423, 518–523; Myklebust, 1963, s. 11.

skulehus. På denne måten kan ein seie at skiljelina i bygdemiljøet også vart markert ved rekruttering i det vi kan kalle «tidtrøyte»-laga.¹⁰

Liksom i Kvinnherad finn vi også frå andre delar av Vestlandet døme på at meir livssynsnøytrale lag, til dømes songkor, kunne bli pressa til å velje side. På Sunnmøre stod korsongen særleg sterkt, og der vart årleg halde store songarstemne. Ein av dei leiande kordirigentane, Johan Slyngstad frå Skodje, klaga i 1923 over at ein hær av emissærar, helst frå Vestlandske Indremisjon og Kinamisjonen, slo fast at dersom dei omvendte verkeleg meinte alvor, måtte dei gå ut av songkora, elles ville «verda» dra dei tilbake. Tankegangen om at berre truande burde synge kristelege songar, var også ein del av dette. Mange kor hadde blitt nedlagde av slike grunnar, hevda Slyngstad. Nokre stader kom det til ei kløyving av korrørsla mellom verdslege og nyetablerte kristelege kor (Rabben, 1978, s. 182).

Tilhøva i Kvinnherad, anten ein ser det gjennom Jens Tvedt sine briller eller baserer seg på meir tradisjonelle historiske kjelder, er i det heile attkjennelege i store delar av landet, særleg på Vestlandet. Det høyrer likevel med å presisere at dei frilynte og dei kristelege laga slett ikkje var jamvektinge motpolar i dei ymse regionane. Gabriel Øidne viste i den klassiske artikkelen sin frå 1957 korleis det gjekk eit skilje mellom («den mørke») kyststripa og eit «Fjell og fjord-Noreg». På Vestlandet hadde den kristelege lekmanstrørsla størst tyngd ved kysten, medan den frilynte ungdomstrørsla til gjengjeld ofte hadde svært vanskelege arbeidsvilkår der. Øidne kalla Fjell og fjord-Noreg også for «folkehøgskuleregionen», og her var det dei frilynte som hadde sterkast posisjon, medan dei kristelege stod tilsvarende svakare (Seland, 2020, s. 128–130; Øidne, 1986/1957, s. 46). På Agder var det likevel ikkje liknande klare skilje mellom ytre og indre strok (Seland, 2006, s. 352–358). Slik Per Halse er inne på, hadde mange leiande på frilynt side bakgrunn og ideologisk og kulturell oppseding frå dei grundvigiansk-prega folkehøgskulane. Dette gjorde sitt til at også dei kristelege som mottiltak snart skapte sine egne kristelege ungdomsskular (Halse, 1996).

10 A. Døssland, 1975, s. 176; Vaage, 1972, s. 497–502, 518–523. Begrepet «tidtrøytelag» er henta frå Kirkhusmo, 1974, s. 434.

Så langt har altså framstillinga krinsa om ideologiske spenningar som var mest kjende i vestnorske lokalsamfunn frå slutten av 1800-talet og eit stykke ut på 1900-talet. Begge grupperingar, dei kristelege og dei frilynte, heldt fram med å vere svært synlege i lokalsamfunnet i alle fall til 1970-åra. Det er likevel ikkje sikkert at det er rett å heile tida karakterisere dei to grupperingane som ideologiske motpolar. Dei frilynte synest nemleg å ha mist mykje av det ideologiske grunnlaget sitt, men likevel fann dei andre oppgåver og overlevingsstrategiar. Det same kan ein naturleg nok ikkje seie om dei kristelege. Likevel kom også dei kristelege organisasjonane i lokalsamfunna til å endra seg på fleire vis: viktige stikkord er forgreining eller knoppskyting og auka vekt på inntektsgjevande strategiar.

Ein frilynt ideologi?

Hittil har vi rubrisert dei frilynte laga som «ideologiske organisasjonar». Ikkje alle er samde i det. Historikaren Anders Kirkhusmo grupperer dei frilynte som «tidtrøyteorganisasjonar» (Kirkhusmo, 1974, s. 434). Det kan sjå ut til at Jon Tvinnereim, i sitt pionerarbeid om den frilynte ungdomsrørsla på Nordvestlandet frå 1981, langt på veg er samd i dette, i alle fall når det gjeld den tidlege frilynte rørsla. Det dreidde seg ikkje minst om å komme saman og ha det moro. Hovudformålet skulle likevel vere «å hjelpe ungdommen til opplysning og oppseding gjennom lagsarbeid» (Tvinnereim, 1981, s. 46–52). Dette sluttar også Mona Klippenberg (1998) seg til. Ho har særleg studert den frilynte rørsla i Nord-Trøndelag. Det politiske slagordet «ut or unionane» vart skapt av ein elite i Noregs Ungdomslag, medan grasrota i rørsla var imot å engasjere seg politisk, hevdar ho. Trass i dette kom grasrota gjennom medlemskapet i Noregs Ungdomslag til å «virke som redskap for eliten.» Derimot har Kjell Haugland eit markert anna syn når det gjeld dei frilynte ungdomslaga slik han finn dei i Oppdal. Han hevdar at dei tidlege ungdomslaga der ikkje var noko danse- og pratelag som primært skulle gje medlemene «ein stad å vere» og mest dekte eit sosialt behov. Likevel skil Haugland mellom ein elite og den vanlege lagsmedlemen: «blant medlemmene har vi også ein kjerne av intellektuelt vakne og interesserte og politisk venstreorienterte ungdommar, som bruker ungdomslaget medvite til å arbeide

for dei nasjonale og demokratiske merkesakene i tida» (Haugland, 1996, s. 98–100).

Kanskje med unnatak av Kirkhusmo avviser ingen av dei nemnde forfattarane at rørsla, i alle fall på litt sikt, og på landsplan, fekk så sterke merkesaker at dette også verka inn på dei lokallaga der ideologien til den tid hadde vore mindre framme. Frå då av, rundt hundreårsskiftet, må det såleis vere rett å kalle dei fleste frilynte ungdomslaga landet over for ideologiske organisasjonar. Det dreidde seg om frilynt, det vil seie grundtvigiansk prega, folkekristendom med brodd mot den vekkingskristne lekmanrørsla som dei ynda å kalle «pietistane». Endå viktigare var det nasjonale strevet i nær samanheng med venstrepolitikken fram mot 1905. Dei stod også for nasjonalt strev reint kulturelt: Bygdekultur vart sett opp mot bykultur i song, historie, folkedans og ikkje minst språk (målrørsle). Dessutan arbeidde dei frilynte som før målmedvite for allmenn folkeleg opplysning (Klippenberg, 1998, s. 370). I det heile dreidde det seg om eit kulturnasjonalt prosjekt med ønskje om å styrke (og disiplinere) bygdekulturen. Dermed fanga rørsla opp politiske straumdrag som var i veldig vokster fram til 1905 og i den næraste tida etterpå. Eller kanskje det er rettare å seie at rørsla vart fanga opp av slike politiske stemningar og vart reiskap for desse. Dette vart i alle høve verkeleg fengande merkesaker. Det var særleg lærarane som såg si oppgåve her. Dei var svært ofte initiativtakarar og drivkrefter i lokallaga rundt om i landet. I Lærdal såg såleis ungdommen seg i 1893 ikkje i stand til å starte ungdomslag fordi det ikkje fanst nokon lærar til å gå i brodden, heiter det i ein rapport (Offerdal et al., 1978, s. 26–27). Dette var læraren si stordomstid som kulturell og ideologisk pott og panne i lokalsamfunna. Vi kan snakke om ei intellektualisering.¹¹ Eit siste ideologisk høgdepunkt for mange av dei frilynte laga synest 100-års-markeringane for grunnlova å ha vore. Her stod dei frilynte i spissen for omfattande lokale arrangement, som også innebar å reise store bautasteinar med namn på alle frå bygda som miste livet i krigsåra like før 1814. Slik var det til dømes både i Omvikdalen og Husnes i Kvinnherad. I Husnes sokn vart steinen jamvel reist ved ungdomshuset (Eik, 1988; Eldøy, 1992).

11 Sjå om utviklinga av ein frilynt ideologi hos Halse, 1996, s. 55–56.

Gløden var denne tida utan tvil til stades og merkbar også mellom dei vanlege lagsmedlemene. Likevel var det vanskeleg å halde på denne typen engasjement i lengda når den viktigaste nasjonale kampsaka var vunne i 1905. Vi skal følgje Åmdalen ungdomslag i Ørsta gjennom årsmeldingar som er refererte i jubileumsskrivet deira (Aamdal, 1982).

Ideologien bleiknar

Då Åmdalen ungdomslag starta i 1908, stod den nasjonale gløden i full blomstring, og som vi kunne vente, stod læraren i spissen for tiltaket. Laget stod for foredrag, diskusjonsmøte, kveldsskule for allmenn opplysning og opplæring i landsmål. Vidare fekk lagsmedlemene i stand boksamling, eige songlag og dreiv også eit fråhaldslag som underavdeling.

Så anar vi ein viss tilbakegang i medlemstal frå 1914 og utetter. I årsmeldingane klagar dei over ungdom som helst vil ha berre moro og danse på ei eller anna trebru i området. Og i 1914, framleis med det gamle leiar-sjiktet ved roret, hadde dei diskusjonskveld med temaet: «Kvar vart det av fedrelandskjærleiken, og kva kan me gjere for å få han oppatt?» Men dei har nok ikkje makta å live han opp att slik dei ville. Klagene held fram: «Dei åndelege interessene er helst små». Kring 1920 trur leiarane at dei må få meir hjelp til utanfrå for å få sving på lagslivet. Etter kvart kjem også eit generasjonsskifte: «Her manglar leiarkrefter. Eldre medlemmer trekker seg meir og meir ut».

Lærarens og ideologiens stordomstid var ute. Dette gjeld både den nasjonale gløden og grundvigianske religionsforståinga. Kanskje kan vi snakke om ei avideologisering eller av-intellektualisering? Sagt på ein annan måte var laget i ferd med å miste den ideologiske plattformen og var på leit etter ein ny. Den tidlegare leiaren og læraren såg nok også dette og skreiv alt i 1916 trøystefullt i brev til laget: «Eg kjenner meg sikker på, at de finn eit kvart å arbeide for, og når de hev noko å arbeide for, så finn de alltid noko å tala um».

Kriseåra skleid også rett nok over til sist, og laget fann nye arbeidsoppgåver, men vi kan neppe snakke om ny ideologi. Den viktigaste nye oppgåva, som lenge synest å ha vore nok i seg sjølv, var arbeidet med å

skaffe eit eige hus. Dette kan ein kalle sjølvopphaldingsdrift: Laget var til for lagets eigen del. Den tradisjonelle lagsdrifta var ikkje som før. I årsmeldingane skriv dei at det går trått i ordskifte, men at det er god lagsånd. Økonomien vart no viktigare enn før. Dei la likevel framleis mykje arbeid i festar med program og på diverse andre typar aktivitet. Ein kvinneleg lagsmedlem skriv i lagsavisa i 1931: «So er det sume som seier at me tener ikkje noko på desse festane, me må ha noko som me tener pengar på, for det er det me treng. Men me fer ikkje late det gå så vidt, at me berre tek umsyn til pengane, og så gløymer alt det andre som eit ungdomslag hev å arbeide for». Men ho er sjølv gripen av den nye ånda når ho lenger ut føyer til: «men fyrst og fremst hev me vårt eige hus å verne um, å halde i stand [...] Elles skal me så langt me rekk, vere med å stydje andre gode fyremål».



Bilete 4. Åmdal ungdomshus slik det ser ut i dag. Huset vart bygd i 1928. Ungdomslaget har hatt vekslande aktivitet fram gjennom åra. I 1970-åra kom eit klart oppsving, og huset vart oppgradert, mellom anna med innlagt vatn. I slutten av 1980-åra kom eit tilbygg og seinare grov ein ut kjellar under delar av det. Huset vart mellom anna arena for bygderevyar og kabaretar. Der har også vore ymse praktiske kurs og folkedansaktivitetar, og sjølvsagt dansefestar. Det fungerer framleis som eit grendahus og kan leigast til ymse private tilstellingar. (Foto Atle Døssland, april 2022)

Laget synest å ha særleg omsut for meir praktisk retta oppgåver i denne økonomiske krisetida. Dei startar snikkarkurs, vevkurs, kurs i linspining, altså tiltak som kan hjelpe lagsmedlemeren å stå på egne bein reint materielt. Til gjengjeld vert det mindre av foredrag og diskusjonar og meir av underhaldningstiltak som skodespel (helst bondekomediar) og folkeleikkurs. Dessutan var det krefter i gang for å forandre lovene slik at dei fekk meir dans. Etter huslova for det nye ungdomshuset kunne dei ha tre reine dansefestar i året (dvs. utan program). Likevel går det tydeleg fram at dei eigentleg hadde fleire. Dette var også imot lovene i Noreg ungdomslag, der det så seint som i 1931 var stadfesta at dans skulle vere ulovleg, bortsett frå folkedans. Dansefestane var i seg sjølv ei viktig inntektskjelde også fordi dei etter kvart samla langt fleire enn berre bygdeungdommen. «Me var ikkje ei grend åleine lenger. Bilane hadde komme til, og det strøymde på med ungdomar frå andre grender», heiter det i jubileumsskrivet (Aamdal, 1982).

No var laget langt på veg verkeleg blitt ein plass å møtast for å få underhaldning og ha det moro – eit tidtrøytelag, for på nytt å bruke Anders Kirkhusmo sin karakteristikk. Sagt på ein annan måte stod laget att med dei latente eller løynde funksjonane (først og fremst dei sosiale), medan dei manifeste eller synlege funksjonane nesten hadde bleikna bort (Ropeid, 1974, s. 79–85). Eg hadde ikkje trekt fram dette einskildlaget, om eg ikkje meinte det var bra representativt. Sjå berre kva som står i eit avisinnlegg om tilsvarande lag i Sogndal i 1921: «I det siste hev det vorte noko verre å drive ungdomslag på denne høgstemde, nasjonale og eldfulle måten. Det politiske liv hev i det siste vorte meir klassepolitikk, særleg om økonomiske spørsmål. Og dette ligg ikkje for ungdomen, so det politiske liv hev liten innverknad på arbeidet i ungdomslaget» (Offerdal et al., 1978, s. 40).

I eit studentarbeid om dei frivillige organisasjonane i Sogndal konkluderer forfattarane med at ein kan skilje mellom to hovudfasar: Den eine går fram til ca. 1912, og den siste startar kring 1921. Den mellomliggande tida er vel då ein overgangsfase. I den første fasen dominerte folkeoppdragning og nasjonalt strev, og i den siste kom det økonomiske aspektet mykje meir inn med basarar og marknader, medan det vart mindre vanlege lagsmøte. «Så ein kan vel seie at det var laget og framgangen til

dette som stod i sentrum etter 1921, medan det før var framgangen til det enkelte individ som hadde stått i sentrum» (Offerdal et al., 1978, s. 51).

Vi kan gjerne også føye til at Eidsdal ungdomslag på indre Sunnmøre ifølgje jubileumsskrivet (1930) hadde ei likande utvikling, men her må den politiske interessa ha vore større: Dei nasjonale, historiske og allmennopplysande foredraga vart avløyste av meir samfunnsprega og politisk orienterte, heiter det. Men interessa for foredraga vart generelt mindre mot slutten av perioden. Det var kring tre debattmøte i året i begynnelsen, men etter 1920 var det nesten ingen. I tidleg fase dreiv dei kveldsskule for allmennopplysning, men frå 1920 dominerte kurs i folkeviseleik, trearbeid og vev. Frå 1920 endra dei forbodet mot pardans. I lagsavisa minka det på stoff «som hadde med moral og livssyn å gjere». I staden kom underhaldningsstoff og politisk stoff.

I den grad idrettslag, songkor og anna hadde starta som ein del av den samla lagsaktiviteten til dei frilynte ungdomslaga, kan ein rett nok også her snakke om tendens til oppsplitting og spesialisering. I Sogndal vert i alle fall dette i 1921 nemnt som ei av fleire forklaringar på svekking av ungdomslaget: «Dertil kjem at ungdomen i dei seinare år hev kløyvt seg meir mellom mange lag. So hev det vorte for få av dei beste på kvart lag.» Men dette innebar likevel ikkje eigentlege rivningar (Offerdal et al., 1978, 40).

Dei kristelege får nok med seg sjølve

Den svekka ideologisk plattformen og gløden på frilynt side kunne tenkast å gje dei kristelege sida friare spelerom. Dette kom likevel ikkje til å skje i særleg grad.

Vi har alt slått fast at det kristelege lekfolket synest å ha hatt ein einestående og heldig posisjon, i alle høve i det vestnorske bygdesamfunnet på slutten av 1800-talet. Dei var utan organisert motvekt og møtte ikkje klar konkurranse. Til ein viss grad fylte dei også på si ufullkomne vis eit akutt sosialt behov. Når ungdomslaga kom til med sine meir allsidige møtetilbod, vart det heile i første rekke oppfatta som ein generasjonsmotsetnad – også frå dei frilynte si side. I Sogndal måtte ungdomslagsmedlemene i 1892 ut og forsvare seg i avisa. Innlegget starta slik: «Til våre

gamle. De har i lang tid sett med skeive auge på ungdomslaget vårt [...]» (Offerdal et al., 1978, s. 25).

Like fullt var ei ideologisk overtyding heile tida hovudsaka på kristeleg side. Om perioden etter dei store vekkingane i denne tida har såleis Birger Løvlie skrive: «Lekmannsbevegelsens vektlegging av individuell omvendelse, tro og overbevsining, bidro til en subjektiv visshet om å være i opposisjon til noe» (2019, s. 180). Vi kan føye til at dette «noe» vart endå meir konkretisert då dei frilynte laga kom til og vart definerte som ein ideologisk motpol.

I neste omgang følgde ei viktig omstillingstid. Det kristelege lekfolket tok smått om senn opp kampen. Dei formaliserte organisasjonen sin, mellom anna med statuttar og demokratisk valt styre, og dei auka aktiviteten. Ikkje minst supplerte dei gamle og hevdvunne møteformer med nye som kunne verke lokkande på ungdommen. Dei henta gjerne idear frå dei frilynte møteformene og arrangerte eigne ungdomsmøte eller starta eigne ungdomsforeiningar som underavdelingar til indremisjonen. Song og musikk, opplesing frå handskriven lagsavis (rett nok med oppbyggeleg innhald) er døme på dette. Her var det innslag av song, musikk, lagsavis og frie vitnemål, det vil seie aktivisering av møtelyden. Dette kravde mykje arbeid, og slik aktivitet gjekk difor i bølgerørslar. Dette er lett å registrere i Kvinnherad, men på høgare geografisk nivå har Bjørg Seland merka seg mykje av det same (Seland, 2020, s. 137–138).

I tillegg er det ikkje urimeleg å sjå omleggingane i sjølve dei religiøse massevekkingane i denne samanhengen. Det dreidde seg no om ei glad omvendning, etter evangelisk prega masse møte med tilreisande talarar. Til dette høyrde også såkalla «ettermøte» der talaren beinveges kunne vende seg til den enkelte tvilande møtedeltakaren. Endå det overordna målet sjølv sagt var å omvende så mange som råd på stutt tid, var det samstundes nettopp slike vekkingar som skulle tene til rekruttering til den indre krinsen i organisasjonen. Baksida av medaljen var gjerne at omvendinga også lett kunne bli eit kortvarig resultat av ei stemningsbølge (A. Døssland, 1977, s. 10–11).

Den ytre faren frå dei frilynte var likevel ikkje einaste årsak til vesentlege endringar. Om vi på nytt bruker Kvinnherad kommune som døme, fanst det i 1890 18 kristelege foreiningar. Alle desse var kvar for seg

geografisk avgrensa til ei av dei mange grendene. Elles var 10 av desse arbeidsforeiningar for kvinner, der ein etter kvart la vekt på å produsere gevinstar til utlodding på basarar. I 1930 var talet på kristelege organisasjonar tredobla. No var det i alt 55 foreiningar. Talet på kvinneforeiningar hadde auka mest – det var firedobla. Det samla talet på personar som var knytte til rørsle, hadde neppe auka tilsvarande. Her er det altså snakk om ei kraftig forgreining.¹² Det kunne rett nok vere skilnad grendene imellom når det galdt grad av oppsplitting. For dei som hadde ein fot innanfor fleire av misjonsgreinene, kunne møteomfanget bli svært høgt.

Mangfaldsutviklinga kjem klarare fram når vi les årsmeldingane til eit par av indremisjonsforeiningane i kommunen på to ulike tidspunkt. For Ølve misjonsforeining heiter det i 1893: «Om virksomheten inden foreningen er det ikke stort at bemerke. Et par af bestyrelsens medlemmer har holdt en del oppbyggelsesmøder i årets løb. Ellers har kretsen havt besøg af emisærer udsendte af hovedkretsen til at virke i Ølve og Fuglebergsbygden» (A. Døssland, 1975, s. 85).

I årsmeldingar for Uskedalen indremisjonsforeining skriv leiaren i 1945:

Det har vore 136 møte i Bedehuset, 25 på Haugland og 4 på Rød (...) Møti fordelte seg slik: 28 bønemøte, 26 formiddags sundagsmøte, 25 møte på Haugland og 4 på Rød. Resten fell på Ungdomslaget [det vil seie indremisjonsungdomslaget] og andre møter. Yngreslag, songlag og losje og fråhaldslag er ikkje medtekne her.

Det går fram at møta har vore i regi av fleire misjonsgreiner og kristelege organisasjonar, og svært ofte med tilreisande talarar. Det har også vore seks store festar og fem basarar. Det er grunn til å merke seg at indremisjonslaget på det tidspunktet ser seg som eit slags overordna organ for all kristeleg verksemd i bygda, og at dei venteleg difor også tek med møte og tilstellingar for dei andre misjonsgreinene i årsmeldinga. Tidlegare hadde nok rivaliseringa vore større (sjå nedanfor) (A. Døssland, 1975, s. 85–86). Årsmeldinga fortel ikkje berre om ei sterk forgreining, men i tillegg også om ein kolossal auke i sjølve verksemda til kvart lag. Vi anar også at organisasjonen på krins- eller landsplan i større grad enn før regisserer

12 Sjå også Seland, 2020, s. 137.

eller plantar inn verksemd på lokalt plan. Kringreisande såkalla sekretærar, emissærar og andre talarar er viktige. I tillegg drog overordna organisjonar i gang fleire pengekreivjande tiltak. Dette var sjølvstogt også aktivitet som kravde større overføringar av pengar frå lokallaga (Seland, 2020, s. 138).

Også i denne samanhengen var det viktig for lokallaga med auka rekruttering, men dette tvinga fram vesentlege endringar i møteform. Ein måtte satse på tilstellingar der pengeinnsamling stod i sentrum, og der målgruppa var heile bygdesamfunnet, ikkje berre den indre krinsen. Dette sette vidare krav til møtelokale. Kostnadene med å bygge eige møtehus – bedehus – var elles i seg sjølv noko som også medførte pengeinnsamling (A. Døssland, 1977, s. 11–19). I Kvinnherad kom første bedehuset i 1891, det neste i 1915, men dei fleste i 1920- og 1930-åra. Då var alt fleirtalet av ungdomshusa reiste (A. Døssland, 1975, s. 141; Hamre, 1964, s. 241–254, 341; Vaage, 1972, s. 513–515).

Forgreininga innan lekmannsrørsla førte likevel også til ei viss indre rivalisering og til intern konkurranse. Dei nye misjonsgreinene var ikkje alltid så populære mellom dei som alt hadde etablert seg. Nokre gonger dreidde det seg også om ein viss lærestrid. Kinamisjonen (Misjonssambandet), med sitt markert lågkyrkjelege syn, var lenge eit utskot. Dette vart forsterka ved nattverdsstriden frå 1906. Vi kan likevel tale om ein legaliseringsprosess og konsolidering innan kristenflokken. Etter kvart vart også Kinamisjonen godteken. I bygdesamfunnet melde det seg trong for å samordne misjonsarbeidet, mellom anna ved å fordele dei mange basarane over året. Vi høyrer gjete møte med slikt samordnande formål. Ofte var det slik, som vi alt har nemnt, at indremisjonslaget såg på seg sjølv som ein slags overordna og samordnande instans, sjølv om dette neppe var formalisert. Liknande konsolidering innanfor kristenflokken på regionalt plan kan også vere noko av forklaringa på suksessen med å stifte eit eige kristeleg politisk parti i Hordaland i 1933 (A. Døssland, 1976, s. 53–54).

Konklusjon

Frå kristeleg side starta perioden frå kring 1900 som ein kamp om å halde fast på det ideologiske hegemoniet i lokalsamfunnet med dei frilynte som

klar motpol. Dette vart polar som var svært merkande, særleg i vestnorske bygdesamfunn. Likevel har denne spenninga vore lite påakta i allmenne historiske framstillingar. Heller ikkje kyrkjehistorikarar har vore særleg opptekne av dei. Hos dei har fokuset meir vore forholdet mellom dei kristelege organisasjonane og kyrkjeinstitusjonen. Innan dei kristelege lekmannsorganisasjonane vart spenninga og strategiane i høve til dei frilynte på somme vis forstyrra av indre oppsplitting og auka forventningar frå overordna organisasjonar om økonomiske ytingar. Det vart viktigare med skreddarsydde tiltak for å raskt skaffe nye tilhengjarar. I tillegg kom også arrangement og nye lokale som høvde til å sikre auka inntekter frå andre delar av bygdefolket, altså arrangement der ideologisk påverking/misjonering var klart nedtona,

Dei frilynte ungdomslaga kunne ytre sett verke svært stabile. Her fanst det knapt splittingar og forgreiningar, og omfanget av aktiviteten var også om lag den same. Ved nærare ettersyn viser det seg likevel at desse laga var igjennom nokså vesentlege endringar i innhald og funksjon. For deira del var det ikkje press frå den landsomfattande organisasjonen (Noregs ungdomslag) som verka avgjerande, sjølv om ein også der retta seg inn etter det nye. Forandringsspresset kom heller nedanfrå.

Prosessen i dei frilynte lokallaga kan takast som døme på kva problem som kunne oppstå i ein organisasjon som var grunna på ikkje-varige kjernesaker. Organisasjonen må rett og slett finne ei ny plattform når dei gamle sakene ikkje lenger er så aktuelle, eller ikkje fenger meir. Ungdomslaga overlevde denne omstillinga ved å falle tilbake til større vekt på dei meir sosiale funksjonane og å mobilisere ungdommen ved meir praktiske aktivitetar og i arbeid for eige møtehus, medan ideologien vart klart mindre viktig. Dei kristelege laga og fråhaldslaga hadde det lettare slik, deira ideologi og kjernesaker var av meir varig karakter, endå mange fråhaldslag fekk tilbakeslag i verksemda etter forbodsavstemminga i 1926.

Under dette ser det ut til at striden mellom dei to klare motpolane i lokalsamfunna hadde blitt mindre kjensleladd. Kjell Haugland tolkar dette i sin Oppdals-studie som at ein i alle høve frå 1930-åra var kommen over i ein fase med sterkare grad av gjensidig akseptering. «Dei frilynte og dei kristelege dreiv kvar på sin kant og let kvarandre i fred» (Haugland, 1996, s. 113).

Det kunne også vore av stor interesse å følgje utviklinga av dei ideologiske organisasjonane eller folkerørslene i etterkrigstida. Det offentlege har fått meir å seie for kulturtilbodet i lokalsamfunna, med eigen kulturadministrasjon, samfunnshus, kommunale ungdomsklubbar og som forvaltalar av tilskot frå stat og kommune. Fleire av dei ideologiske organisasjonane har hatt store vanskar med å halde oppe verksemda, ikkje minst gjeld dette dei frilynte ungdomslaga. Ein kan tale om ei avideologisering i heile samfunnet. Tilbod via nye typar massemedia har overteke vesentlege sider av underhaldningsfunksjonen. I tillegg har hotell, restaurantar og kjøpesenter med sine kommersialiserte tilbod overteke som møtestader for ungdom. Til gjengjeld har det dukka opp eit mylder av det vi kan kalle særinteresseorganisasjonar.

Litteratur

- Birkeland, B. (1952). Forord. I J. Tvedt (Red.), *Madli und' apalen* (skuleutgåve; s. 3–6). Olaf Norli.
- Birkeland, B. (1975). I Edvard Beyer (Red.), *Norges litteraturhistorie bd. 4* (s. 471–588). Cappelen.
- Døssland, A. (1975). *Den organiserte lekmannsrørsla i eit vestnorsk bygdesamfunn ca. 1890–1945: Ei gransking frå Kvinnherad kommune*. Hovudfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Trondheim. Også trykt som publikasjon nr 3 Møre og Romsdal Distriktshøgskule 1980.
- Døssland, A. (1976). Føresetnadene for eit kristeleg politisk parti i Hordaland 1933. *Syn og Segn*, 82(1), 48–55.
- Døssland, A. (1977). Organisert lekmannsrørsla i Kvinnherad ca. 1890–1945. *Sunnhordland årbok*, s. 7–29.
- Døssland, L. (1992). Soldatens siste syn: Glimt frå lagskulturlivet for 60 år sidan. *Kvinnhersminne. Årbok VI*, 104–112
- Eidsdalens ungdomslag. (1930). *Eidsdalens ungdomslag gjennom 25 år. 18. juni 1905–29. juni 1930*. Ålesund.
- Eik, A. (1988). Frilynt ungdomsarbeid i 100 år. Omvikdalingane tidleg ute. *Kvinnhersminne. Årbok IV*, 11–17.
- Eldøy, K. (1992). Friheim, bautasteinen og steinhoggaren: Dei første åra i Husnes ungdomslag. *Kvinnhersminne. Årbok VI*, 88–101.
- Hallberg, P. (1968). Bondenaturalism: En studie i Jens Tvedts tidiga diktning. *Edda*, 68, 215–252.

- Halse, P. (1996). Pietistisk eller frilynt? Folkehøgskulane i spenninga mellom bedehus og ungdomshus. *Kirke og Kultur*, 101(1), 51–61.
- Hamre, A. (1964). *Haugiansk frukt: Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonssamskipnad 100 år*. Sunnhordland, Hardanger og Voss indremisjonssamskipnad.
- Haugland, K. (1996). «*Oppdal, bøgda mi*» – Modernisering, nasjonsbygging og identitetsdanning i ei sørtrøndersk fjellbygd ca. 1860–1914. KULT-skriftserie nr. 64.
- Kirkhusmo, A. (1974). Lokalhistorien og framveksten av de frivillige organisasjoner i Trøndelags-bygdene i tida ca. 1850–1900. *Heimen*, 16, 431–440.
- Klippenberg, M. (1998). «Ut or unionane?» Den frilynte ungdomsrørsla i framvekstårene. I Ø. Sørensen (Red.), *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklinga av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet* (s. 357–370). Ad notam Gyldendal.
- Løvlie, B. (2019). Bedehus, vekkelse og bevegelse. I B. Løvlie, P. Halse & K. Hatlebrekke (Red.), *Tru på Vestlandet* (s. 163–192). Cappelen Damm Akademisk.
- Myklebust, T. (1963). *Uskedal Ungdomslag 75 år*. Stord.
- Offerdal, K., Skjellstad, E. & Klovning, I. (1978). Lag med allmennkulturelt innhald: Sogndal Ungdomslag. I *Framveksten av frivillige organisasjonar i Sogndal* (s. 22–60) Prosjektoppgåve i lokalhistorie, Sogn og Fjordane distriktshøgskule.
- Rabben, B. (1978). *Sunnmøre innafrå: Drag frå folkelivet 1860–1940*. Samlaget.
- Ripel, J., Lea A. & Sandvik, J. (1913). *Omvikdalen Ungdomslag 1888–1913*. Omvikdalen.
- Ropeid, A. (1974). Organisasjonane og lokalsamfunnet. I R. Fladby & S. Imsen (Red.), *Lokalhistorie fra gard til tettsted* (s. 70–89). Cappelen.
- Seland, B. (2006). *Religion på det frie marked: Folkelig pietisme og bedehuskultur*. Høyskoleforlaget.
- Seland, B. (2020). Det norske bibelbeltet: Geografiske og kulturhistoriske perspektiv. *Historisk Tidsskrift*, 99(2), 128–143.
- Thesen, R. (1953). *Diktaren og bygda: Ætt og arv*. Aschehoug.
- Tvedt, J. (1885). *Inn i fjordarne: Forteljingar*. Bethania Vaisenhus-bogtrykkeri.
- Tvedt, J. (1888). *Nybrot: Forteljing*. Mons Litleré.
- Tvedt, J. (1889/1956). *Hamna-Tjone: Forteljing*. Mons Litleré. Ny utgåve: Norsk bokrings forlag.
- Tvedt, J. (1895). *Straum-gir: Fyrste Fortelnaden um Knut Eik*. Litlerés Bokhandel.
- Tvedt, J. (1897). *Hamskifte: Andre Fortelnaden um Knut Eik*. Feilberg & Landmark.
- Tvedt, J. (1908). *Haavard Brittanus*. Norli.
- Tvinnereim, J. (1981). *Ei folkerørsla blir til: Den frilynte ungdomsrørsla på Nordvestlandet*. Samlaget.
- Vaage, E. (1972). *Kvinnherad I: Bygdesoga*. Kvinnherad bygdeboknemnd.

- Øidne, G. (1957/1986). Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet.
I O. Aagedal (Red.), *Bedehuset: Rørsla, bygda, folket* (s. 40–58). Samlaget. Først trykt i *Syn og Segn*, 63(1957), 97–114.
- Aagedal, O. (1986). Galleriet som vart vekke. *Kirke og Kultur*, 91(4), 201–214.
- Aagedal, O. (2019). Kristen eller kristeleg? Fjordingar mellom kyrkje og bedehus.
I B. Løvlie, P. Halse & K. Hatlebrekke (Red.), *Tru på Vestlandet* (s. 59–81). Cappelen Damm Akademisk.
- Aamdal, E. (Red.). (1982). *Aamdal Ungdomslag gjennom 75 år*.